



Lærdal kommune

# Tiltaksplan for landbruk

2014 – 2017



*Godkjend 8.mai 2014*

## **Innhald**

<b>1. Innleiing</b>	2
<b>2. Landbruket i Lærdal – status</b>	3
<b>3. Visjon og hovudmål</b>	11
<b>4. Satsingsområde og målsetjingar</b>	11
<b>5. Prioriterte delmål med tilhøyrande tiltak 2014 – 2017</b>	14
<b>6. Handlingsplan - korleis nå måla?</b>	16
Vedlegg	17

*Foto i planen er ulike motiv frå landbruket i Lærdal.  
Foto: Magnhild Aspevik*

## 1. Innleiing

### 1.1. Bakgrunn

Mandat for utarbeiding av *Tiltaksplan for landbruk* vart gjeve i Lærdal formannskap 01.02.2008 i sak 038/08. Her vart det vedteke at *Tiltaksplan for landbruk* skal vera ein delplan til Næringsplanen.

Tiltaksplan vart utarbeid og godkjend for 2011 og 2012. I 2013 vart det gjort vedtak i kommunestyre sak 011/13, om å forlenga *Tiltaksplan for landbruk* ut år 2013. Det vart og gjort vedtak om å starta opp arbeide med revisjon av planen. Administrasjonen har vore ansvarleg for revisjonsprosessen. Styringsgruppe for planarbeidet har vore samansett slik:

Lærdal Grønt SA: Harald Blaaflat Mundal og Rikard Lysne  
Lærdal Bondelag: Halvard Eri og Steinar Starheimsæter  
Lærdal sau og geit: Anders Haugen  
Lærdal Næringsutvikling AS: Arve Tokvam  
Ordførar i Lærdal: Jan Geir Solheim  
Lærdal kommune: rådmann Alf Olsen Jr og landbrukssjef Magnhild Aspevik

Det er ikkje gjort store endringar i bakgrunnsstoffet for utarbeiding av ny tiltaksplan. Opplysningar frå plan godkjend i 2011 vert lagt til grunn.

### 1.2. Formål

**Formålet med *Tiltaksplan for landbruk* er å setja fokus på verkemiddel og tiltak for å auka optimismen i landbruket, ta vare på eksisterande produksjonar, samt å auka produksjonen av landbruksvarer i Lærdal.**

Lærdal kommune si rolle er å vera tilretteleggar og koordinator for å utnytta det lokale og regionale handlingsrom for landbruket i Lærdal.

### 1.3. Planstatus og planforankring

Lærdal kommune har *Kommunedelplan for landbruk og kulturminnevern*, godkjend 12.02.2009.

Denne planen er ikkje juridisk bindande, men legg føringar for korleis Lærdal kommune skal forvalta landbruks- og kulturminneressursane.

Plandokumentet har kartlagt landbruksressursar med innteikna kjerneområde landbruk og kulturlandskap. *Kommunedelplan for landbruk og kulturminnevern* skal ligga til grunn for utvikling av landbruket i Lærdal.

*Tiltaksplan for landbruk* skal vere i tråd med Lærdal kommune sin næringsplan og vedtekter for Lærdal kommune sitt nærings- og konsesjonsavgiftsfond. Utviklingsplan for omstilling i Lærdal kommune legg og premissar for utvikling av landbruket.

Nasjonale føringar og lover ligg til grunn for utviklinga og drift av landbruket i heile landet. Det er mange ordningar, lover og reglar som er styrt frå nasjonalt og regionalt hald.

Her kan nemnast:

- Fylkesmannen i Sogn og Fjordane sin jordvernstrategi
- Strategi for landbruksrealtert næring og bygdeutvikling i Sogn og Fjordane – BU-strategien
- Jordbruksoppgeret
- **Lover:** Jordlova, konsesjonslova, skogbrukslova, forureiningslova, viltlova og motorferdslelova, naturmangfaldlova m.fl.
- **Tilskotsordningar:** Produksjonstilskota, velferdsordningane i jordbruket, BU-midlar, SMIL og NIMSK – midlar, Regionalt miljøprogram og organisert beitebruk m.fl.



#### **1.4. Avgrensing**

*Tiltaksplan for landbruk* skal sei noko om korleis Lærdal kommune ynskjer at utviklinga innanfor landbruket og dei ressursane som landbrukseigedomane har, skal vere. Planen har fem hovudsatsingsområde; *Arealbruk, Husdyrhald, Grøntnæringa* ( bær, frukt, grønsaker og potet), *Tilleggsnæringar, Omdømebygging*.

Planen gjeld for år 2014, 2015, 2016 og 2017.

#### **1.5. Endringar og verknad av førre plan**

*Tiltaksplan for landbruk* i Lærdal kommune er no endra til å har fem ulike satsingsområde, med tilhøyrande hovudmål og delmål. Med utgangspunkt i desse er det plukka ut eit delmål for kvart hovudsatsingsområde, som skal prioriterast ekstra i planperioden. Dette er gjort for å ”spissa” planen og synleggjera kva Lærdal kommune skal bruka ressursar på framover.

I førre planperiode vart det løyvd midlar til etablering av bringebærfelt og

jordbærfelt. Dette har vore viktig støtte for denne etableringa. Det er og gjeve støtte til kjøp av mjølkekvotar, driftsstøtte til veterinærane og Norsk landbruksrådgjeving. Det er løyvd midlar til to; *Prosjekt potet og grønsaksproduksjon på vestlandet og Prosjekt sau og utmark*.

## **2. Landbruket i Lærdal - status**

Lærdal er ein landbrukskommune og ringverknadane av landbruksnæringa og aktivitetar knytt opp mot landbruket og landbrukseigedomar har vore, og er viktig for lærdalssamfunnet. Difor er det viktig å ta vare på og vidareutvikla landbruket.

### **2.1. Status og utviklingstrekk**

Tal henta frå søknad om produksjonstilskot syner utviklinga i lærdalsjordbruket, sjå tabellar under. Som i resten av landet går tal aktive gardbrukarar ned. Tal for Lærdal syner ein urovekkande reduksjon av husdyrbruk.

Tal dekar jordbruksareal i drift er stabilt. Tala syner og ein kraftig auke i tal dekar som vert nytta til frukt og bær dyrking. Dette er ein positiv og god utvikling for jordbruket vårt, og for bygda generelt.

Økonomien i landbruket er stor sett styrt av nasjonale og internasjonale rammevilkår, med lite rom for lokale tilpassingar.

**2.2. Tabellar****Tabell 1. Areal**

	2012 31.07	2010 31.07	2005 31.07	2000 31.07	Tal endring	Endring i % frå 2000 til 2012
Jordbruksareal i drift	12581	12704	12671	12725	- 144	- 1,1 %
Tal bruk med jordbruksareal i drift	101	106	106	120	- 19	- 15,8 %
Grønsaker	385	374	437	463	- 78	- 16,8 %
Tal bruk med grønssaksproduksjon	14	15	23	25	- 11	- 44%
Poteter i dekar	998	897	882	876	+ 122	+ 13,9 %
Tal bruk med potetproduksjon	31	31	41	52	- 21	- 40,4 %
Frukt og bær i dekar	594	557	558	396	+ 198	+ 50%
Tal bruk med produksjon av frukt og bær	41	42	42	43	- 2	- 4,7 %
Epler i dekar	102	98	98	142	-40	- 28,2%
Tal bruk med produksjons av epler	13	15	12	18	-5	-27,8 %
Moreller og kirsebær i dekar	263	296	168	68	+ 195	+ 286,8 %
Tal bruk med produksjon av moreller og kirsebær	22	25	21	16	+ 6	+ 37,5 %
Jordbær i dekar	31	19	110	90	-59	-65,6 %
Tal bruk med produksjon av jordbær	6	5	14	16	-10	-62,5 %
Tal dekar andre bær (m.a. bringebær og hageblåbær)	184	136	175	89	+ 95	+ 106,7 %
Tal bruk med produksjon av andre bær	17	16	20	18	-1	- 5,6 %

**Tabell 2. Husdyr**

	2012 31.07	2010 31.07	2005 31.07	2001 31.07	Endring i tal	Endring i % frå 2001 til 2012
Sauer og lam	9308	9507	11039	11294	-1986	- 17,6 %
Tal sauebruk	55	56	63	71	-16	- 22,5 %
Mjølkekyr	188	179	207	218	-30	-13,8 %
Tal bruk med mjølkeproduksjon	13	13	17	20	-7	- 35 %
Mjølkegeiter	156	138	299	288	-132	- 45,8 %
Ammegeit	87	56	4	4	+ 83	+ 2075 %
Tal bruk med geit	3	3	3	3	0	0 %
Avlspurker	14	15	23	35	-21	- 60%
Tal bruk med avlspurker	1	2	2	2	-1	- 50 %
Slaktegris	35	131	118	188	-153	- 81,4 %
Tal bruk med slaktegris	1	3	3	3	-2	- 66,7 %
Mink og ilder pr 01.01.	2000	1700	680	322	+ 1678	+ 521,1 %
Tal bruk med mink og ilder	1	1	2	2	-1	- 50 %
Blårevtisper og sølvrevtisper Pr 01.01	250	180	714	866	-841	- 97,1 %
Tal bruk med blårev og sølvrev	2	1	8	8	-6	- 75 %

**Tabell 3. Utviklingstrekk i sauehaldet – sau på beite voksne og lam** (tal frå Lærdal sau og geitalslag - medlemmar i organisert beitebruk)

<b>Sankesone</b>	<b>2013 Tal dyr /tal brukarar</b>	<b>2010 Tal dyr /tal brukarar</b>	<b>2004 Tal dyr / Tal brukar</b>
1 Nystova – Valdresdalen	720/3	754 / 4	833 / 4
2 Valdresdalen – Ljøsndalen	1687/7	1542 / 6	1666 / 8
3 Gamlestova - Borlaug	503/1	615 / 1	547 / 1
4 Borlaug – Hemsedal grense – Stardalen	581/2	595 / 3	727 / 4
5A Aust for Bringa – Eråksdalen/Stardalen	742/5	624 / 4	638 / 4
5B Vest for Bringa – Nesdalen –tom Nedre Kvamme	979/7	1072 / 7	1296 / 9
6 Bjørkum – Skruven i Råsdalen	949/6	422 / 3	96 / 3
7 Ljøsndalen – Strendene/grensa mot Årdal	1598/9	1431 / 8	2044 / 11
8 Råsdalen (Skruven) - Grøttedalen	419/3	785 / 4	821 / 5
9 Tønjum – Hognåsen – Aurland grense	611/4	785 / 5	1220 / 7
10 ”Erdal sør” – Vindedal	223/3	327 / 3	256 / 2
11 Stødnum – Årdal grense	149/2	128 / 2	161 / 2
12 Frønningen	169/1	139 / 1	155 / 1
<b>Totalt</b>	<b>9330/53</b>	<b>9081 / 51</b>	<b>10 759 / 63</b>

**Tabell 4. Tal lam slakta** (henta frå produksjonstilskot)

	2012	2009	2004	Endring i tal slakt	Endring i %
Tal lam slakta	4836	4924	5487	-651	-13,4%



**Tabell 5. Mjølkekvotar – ku- og geitemjølkk – kjelde: Tine**

<b>2012</b>	<b>2010</b>	<b>2003</b>
1381123	1310125	1251092

**Tabell 6. Levering til Lærdal Grønt**

<b>Vekst</b>	<b>Leverert 2013 Tonn/1000stk</b>	<b>Leverert 2012 Tonn/1000stk</b>	<b>Leverert 2009 Tonn/1000stk</b>	<b>Leverert 2005 Tonn/1000stk</b>
Poteter	1337	1615	1386	934
Blomkål	109	97	90	60
Kålrot	196	190	142	167
Gulrot	762	755	716	606
Moreller	207	178	102	76
Bringebær	74	165	183	186





### **2.3. Aktører for landbruket i Lærdal**

Viktige lokale aktører i utvikling av landbruksressursane i Lærdal er mellom anna:

- Borgund elveigarlag
- Felleskjøpet
- Filefjell Tamrein
- Fjordane pelsdyralslag
- Gram gardsysteri
- Landbrukstenester Sogn
- Lerum AS
- Lund hjort
- Lærdal bondelag
- Lærdal elveigarlag
- Lærdal fjellstyre
- Lærdal gardsmat
- Lærdal Grønt SA
- Lærdal Jeger og Fiskarlag
- Lærdal kommune
- Lærdal Næringsutvikling
- Lærdal sau- og geit
- Njøs Næringsutvikling
- Norsk Landbruksrådgjeving
- Nærøyfjorden verdsarvpark
- Raa gulrotpakkeri (leigepakking for Lærdal Grønt SA)
- Sogn jord- og hagebruksskule
- Villreinutvalet for Lærdal og Årdal
- Villreinutvalet for Nordfjella
- Økonomiservice
- Økoringen Vest

### **2.4. Sterke og svake sider ved landbruket i Lærdal**

#### **2.4.1. Grøntsektoren**

##### **Styrker**

- Høg kompetanse
- Godt klima
- Kontrollert dyrking (vatning ol.)
- Konsentrert geografisk produksjon
- Felles funksjonar (pakkeri, innkjøp, sal)
- Godt organisert produksjon (samla som ein produsent mot grossist)
- Relativ stor regional marknad (Vestlandet - Bergensregionen)
- Profil- omdømme frå eldre og nyare tid
- Internasjonalt orientert/erfaring mot marknad, kunnskap og teknologi
- Samarbeid med den største grossisten i landet
- Godt samarbeid i dyrkarmiljøet
- Global gap (sertifisering utover nasjonale krav innan matvaresikkerheit)
- God omstillingsevne

### **Kommentarar**

Kompetanse: Dyrkingsmiljøet har ein lang historikk der ein har samla erfaringar gjennom samarbeid innan eit tett dyrkingsmiljø. Det har samtidig vore god kontakt opp til Forsøksring, landbruksavdelinga hjå Fylkesmann o.a. Det har også vore kontakt med liknande dyrkingsmiljø rundt om i landet og i andre europeiske land.

Kontrollert dyrking: Det har vore arbeidt målbevisst for å redusere risikoen og optimalisere avlingar og kvalitet. Vatningsanlegg med stor kapasitet, sikring mot frost, gjødselvatning m.m.

Fellesfunksjonar: Dyrkarane fekk tidleg fellespakkeri. No er alle knytt opp til eitt pakkeri, Lærdal Grønt. Her er det felles pakking, samla innkjøp av driftsmidlar, organisert rettleiing m.m.

Samarbeid med den største grossisten i landet: Gjennom Gartnerhallen samarbeider næringa med Bama/Norgesgruppen/Remi. Samla har desse 60% av omsetnaden av frukt og grønt.

Omstillingsevne: Dyrkingsmiljøet har vist at det kan omstille seg når dette har vore nødvendig. Då konservesfabrikken var i drift, måtte næringa ofte gå over til nye kulturar. Då fabrikken vart nedlagt var det behov for å dyrka kulturar til konsummarknaden. Dette har næringa lukkas med.

### **Svakheiter**

- Ujamn og variert jordstruktur
- Lite dyrkarmiljø – få dyrkarar ( må ha med ein stor del av dyrkarane/produsentane for å få til ei satsing på nye vekstkulturar)
- Produksjonsavgrensing
- Avstand til beslutningsorgan
- Lite dyrkarmiljø samanlikna med andre område
- Stor produksjonskostnad p.g.a. forholdsvis liten tonnasje (potet/gulrot)
- Avstand til sentrale austland (foredling av fråsortert produkt t.d. gulrot)
- Kapitaltilgang; store investeringar hjå den enkelte og fellespakkeri
- Internasjonal profilering; vi er små med stor kostnad
- WTO (næringa er avhengig av politiske rammevilkår)
- Eig ikkje eigne produksjonslokale (pakkeri-butikk)
- Tilgang på hus til innhaustingshjelp

### **Kommentarar**

Lite miljø: Det er få dyrkarar med forholdsvis liten produksjon samanlikna med mange andre område i landet. Store investeringar må difor delast på ein heller liten tonnasje.

Avstand til beslutningsorgan: Beslutningsorgana er i Oslo, og avstanden kan vera stor når næringa kjempar for å få behalde, eller å auka produksjonen.

### **Moglegheiter**

- Auka produksjon av eksisterande vekstkulturar
- Produksjon av nye vekstkulturar
- Få til ein stabil eksport
- Tilknytting til fleire grossistar
- Utnytte fråsortert produkt (gulrot, morellar, småpotet)
- Utvikle bruken av den store bygningsmassen på Grandane - potensial for å utvikle ” ei klynge” for grøntnæringa i Lærdal
- Utvikle eit godt samarbeid med andre næringar eks. reiselivet med bruk av lokal mat, aktivitet og opplevingsturisme, sal av lokale produkt
- Jordbruket i Lærdal kan gå inn som ein del av ei heilskapleg profilering og produktutvikling av Lærdal

### **Kommentarar**

Auka produksjonen: Gjennom intenst arbeid har næringa dei siste åra greidd å auka verdien innan tidlegpotetproduksjonen vesentleg. Dette er og mogeleg å gjera med andre kulturar.

Utnytte fråsørtert: Det er no på gang eit prosjekt der næringa prøver å utnytte fråsørterte morellar. Dette skjer i samarbeid med andre mottak, og bedrifter som har erfaring frå slik produksjon.

### **Truslar**

- WTO og endring i politiske rammevilkår
- Svakare rekruttering
- Krav til teknologi, stadig endringar i emballasje og pakketeknologi, press (krav) frå kundar/grossist om ” fornying”
- Manglande fagleg utvikling for den enkelte produsent, dersom rådgjevingstenesta blir svekka
- Mislukka samarbeid i næringa, samt andre næringar lokalt eks. reiselivet i regionen og samarbeidspartnarar
- Ikkje kontroll på bygningsmassen til pakkeriet
- Bortfall/reduksjon av investeringsstøtte, som kompensasjon for småskalalempar som Lærdal har

### **Kommentarar**

Svakare rekruttering: Det er etter kvart vorte større konkurranse med andre yrke som gjev lettare inntening, og det er få som tek landbruksutdanning.

## **2.4.2. Tradisjonelt jordbruk**

### **Styrkar**

- Klimatiske forhold – tidleg vår gjev lang vekstsesong – vind turkar opp jorda
- Stor grasproduksjon – grovfôrproduksjon som vert føra opp i dalen/kommunen
- Rikeleg med utmarksbeite – gode friske beite med høg fôr kvalitet
- Det meste av arealet er lett drive flat mark
- Godt utbygde vatningsanlegg
- Godt utbygd maskinpark
- Høg kompetanse hjå brukarane – både innafor sau, geit og storfe
- Høg kvalitet på produkt
- Varierte fôrtypar - god tilgang på potet og gulrot
- Kortare innefôringsperiode enn samanliknbare kommunar
- Fleire produksjonar på eit bruk gjev fleire bein å stå på
- Høg produktivitet
- Godt avlsarbeid innafor husdyrhaldet, særleg innfor sauehald – gevinst for langsiktig satsing på avlsarbeidet
- Store utmarksressursar som kan nyttast til jakt/fiske/oppleving/turisme
- Lærdalselvi med lakse- og aurefiske
- Verdiskaping for kommunen

### **Svakheiter**

- Sterk vind fører til skade på avlingar og flytter på jord om vinteren
- Reduksjon i tal husdyrbesetningar
- Eldre driftsbygningar – driftsapparat treng fornying
- Rekruttering til næringa
- Relativt små mjølkekvotar
- Få heiltidsbruk
- Reduksjon i tilgang på fôringskalvar

- Gjerdehald er for dårleg – her trengst det vedlikehald og investeringar
- Tilgang på vårbeite for sau er ein avgrensing for enkelt bruk
- Steinhaldig jord i deler av kommunen

#### **Mogelegheter**

- Potensiale for auka produksjon av mjølk og kjøt
- God tilgang på lokalprodusert fôr, tilgangen kan utnyttast betre
- Betre utnytting av utmarksbeita - plass til fleire beitedyr
- Innmarksbeite kan utnyttast betre – utarbeiding av beitebruksplan vert viktig hjelpemiddel
- Samarbeid for å utnytte innmarksbeite betre
- Betre utnytting av utmarksressursane beiting/jakt/fiske/turisme/friluftsliv
- Utbygging av småkraftverk
- Ein del gamal eng som bør fornyast

#### **Truslar**

- Kapital til investeringar
- Arbeid ved sida av gardsbruket fører til mindre tid til gardsdrifta
- WTO avtale for landbruket
- Rovdyr og rovdyrpolitikk kan gjera det vanskeleg å ha dyr på beite

### **3. Visjon og hovudmål**

#### **Visjon**

*Lærdal kommune skal ha eit framtidsretta, livskraftig og kompetansebasert landbruk med lokal foredling, lokalt særpreg og styrking av bygdesamfunnet.*

#### **Hovudmål**

1. Sikre og ta vare på landbruksareal og verdiane i jordbruket sitt kulturlandskap
2. Utvikle og styrke husdyrhalde i kommunen
3. Utvikle og styrke grøntnæringa i kommunen
4. Utvikle og styrke landbrukstilknytte næringar
5. Synleggjera dei positive effektane landbruket har for Lærdal kommune

### **4. Satsingsområde og målsetjingar**

Lærdal kommune skal halda sin posisjon som ein av dei beste landbrukskommunane i landet.

Vår historie, tradisjon og jordbrukslandskap skal haldast i hevd og det skal stimulerast til å skapa vekst.

Det skal settast fokus på merkevara Lærdal.

**Lærdal kommune skal ha fylgjande satsingsområde for landbruk i planperioden:**

#### **1. Arealbruk**

##### **Hovudmål:**

##### **Sikre og ta vare på landbruksareal og verdiane i jordbruket sitt kulturlandskap**

Lærdal kommune skal sikre jord som er godt egna til matproduksjon og bidra til å ta vare på kulturlandskap gjennom aktiv bruk og vedlikehald.

<p><b>Delmål 1A</b> <b><i>Ta vare på areal som er godt eigna til matproduksjon</i></b> Lærdal kommune må vera varsame med inngrep og omdisponeringar i område som er viktige for matproduksjon.</p>
<p><b>Delmål 1 B</b> <b><i>Ta vare på areal som er viktig for jordbruket sitt kulturlandskap</i></b> Lærdal kommune har gamalt jordbrukslandskap som har både nasjonal og regional verdi. Arealtypen er viktig å halda i hevd både for matproduksjon og for å ta vare på desse landskapstypene som og er viktige for rekreasjon og friluftsliv. Eit aktivt og velstelt jordbrukslandskap har ein stor opplevingsverdi for tilreisande.</p>
<p><b>Delmål 1C</b> <b><i>Sikra busetnad på landbrukseigedomar</i></b> Kommunane har eit vist handlingsrom for å setta krav og vilkår til dei som eig landbrukseigedomar. Lærdal kommune skal ha ein streng praktisering av reglane for buplikt.</p>

## 2. **Husdyrhald**

### **Hovudmål:**

#### **Utvikle og styrke husdyrhaldet i kommunen**

Lærdal er ei landbruksbygd med lange tradisjonar innanfor næringa. Det er viktig for kommunen at næringa vert styrka og utvikla vidare.

<p><b>Delmål 2A</b> <b><i>Auka produksjon i saue- og storfehaldet</i></b> Utvikle, styrke og auka sauehaldet og storfehaldet i kommunen.</p>
<p><b>Delmål 2B</b> <b><i>Auka beiting i utmarka</i></b> Lærdal kommune skal vera ein pådrivar for, og støtta tiltak som fremjar utnytting av dei store og gode utmarksbeitene.</p>
<p><b>Delmål 2C</b> <b><i>Legge til rette for økologisk drift</i></b> Målsettinga er å auke økologisk godkjent jordbruksareal, og drive råd og rettleiing om prinsipp for økologisk drift.</p>
<p><b>Delmål 2 D</b> <b><i>Styrka samarbeidet med næringa sine fagorganisasjonar og andre relevante aktørar</i></b> For å leggja til rette for fagleg utvikling i næringa er det viktig å ha eit tett samarbeid med næringa sine fagorganisasjonar, mellom anna Tine, Nortura og Norsk landbruksrådgjeving.</p>

## 3. **Grøntnæringa**

### **Hovudmål**

#### **Utvikle og styrke grønntnæringa i kommunen**

Lærdal har klima som eignar seg godt for dyrking av poteter, grønsaker, frukt og bær. Dei gode klimatiske tilhøva og gode kunnskapar innafor næringa, gjev eit godt grunnlag for å utvikle

næringa vidare. Etableringa av felles mottaksapparat gjennom Lærdal Grønt SA har medverka til den gode utviklinga og er eit viktig apparat for næringa.

**Delmål 3A**

***Auka volum i hovudkulturar***

Gjennom eit godt samarbeid med omsetningsledd, forskingsmiljø og rettleiingstenesta, må det heile tida arbeidast med å utvikle dei etablerte produksjonane. Stort volum av sentrale kulturar er viktig for å få god lønnsemd gjennom stordriftsfordelar i produksjonen og pakkeridrifta, og for å ha forhandlingsmakt i omsetningsleddet.

**Delmål 3B**

***Oppretthald og vidareutvikla rettleiingsapparat***

Vellukka dyrking av poteter, grønnsaker, frukt og bær er i stor grad avhengig av kunnskapane til dyrkarane. Det er difor viktig å ha eit godt rettleiingsapparat som kan hjelpe og rettleie dyrkarane. Dyrkarane i Lærdal har eit tett og godt samarbeid med Norsk Landbruksrådgjeving i Sogn & Fjordane. Lærdal Grønt har også, saman med dei andre pakkeria i Sogn, etablert ei eiga stilling som arbeider tett opp mot dei ulike produksjonsmiljøa. Rådgjevinga arbeider spesielt inn mot morell- og bærproduksjonen. Lærdal kommune yter tilskot til finansieringa av stillinga.

**Delmål 3C**

***Utvikle nye produksjonar***

Det er og viktig at næringa ser etter og prøver ut nye produksjonar. Utviklingsarbeidet bør vere prosjektretta og kan mellom anna få stønad frå næringsfondet til kommunen.

#### **4. Tilleggsnæringar**

**Hovudmål**

**Utvikle og styrke landbrukstilknytte næringar**

Utvikle og styrke eit livskraftig landbruk som kan skapa busetnad og heilårsarbeidsplassar.

**Delmål 4A**

***Auka lokal foredling av lokalt produsert mat***

Det er eit mål å auke verdiskapinga ved at noko av matproduksjonen kan foredlast lokalt. Det har vore lite fokus på denne delen av verdikjeda lokalt, men potensiale er tilstades og i samarbeid med bl.a. turistnæringa er det eit mål å auke foredlinga av den lokale matproduksjonen.

**Delmål 4B**

***Reiseliv som attåttnæring***

Reiseliv er ein stor og viktig næring i Lærdal. Mange gardsbruk har allereie turisme som attåttnæring og denne delen kan utviklast og utvidast til fleire bruk. Reiselivssatsinga i Lærdal vert nærare omtala i reiselivsplanen.

**Delmål 4C**

***Utvikle tilbod innan jakt, fiske og oppleving***

Lærdal har store ressursar innan jakt og fiske. Det bør etablerast eit eige tidsavgrensa prosjekt som kan kartleggje ressursane og arbeide for ei meir målretta ressursutnytting. Lærdal kommune har fiskefond som bør brukast aktivt.



Lærdalselva har vore ei viktig inntektskjelde for mange gardsbruk i Lærdal. Etter at den farlege parasitten *gyrodactylus salaris* vart oppdaga i elva 1996 har det vore lite fiske i elva. Det har vore gjennomført 3 fullskala behandlingar av elva for å bli kvitt parasitten. Etter siste behandling er ikkje parasitten påvist i elva. Friskmeldingsperioden ved gyroinfeksjon er 5 år etter siste behandling, slik at friskmelding av elva tidlegast kan finne stad i 2017. Det er viktig at fokus med å halda elva fri for parasitten *Gyrodactylus Salaris* held fram, slik at den særeigne laksestammen i Lærdalselva vert reetablert.

**Delmål 4D**

***Utnytting av småkraftpotensiale***

I Lærdal er det eit stort potensiale for utbygging av småkraftverk. Det samla potensiale er kartlagt i *Kommunedelplan for små kraftverk* godkjend i Lærdal kommunestyre 13.11.2008. Utbygging av mini og småkraftverk kan gje inntekter til gardsbruk i Lærdal.

**Delmål 4E**

***Utnytting av vedproduksjon***

Lærdal har eksisterande, og ein god årleg tilvekst av trevirke, som kan utnyttast til vedproduksjon. Auka energiprisar og auka samarbeid mellom fleire bruk og betre utstyr, kan gje grunnlag for ein auka produksjon og har eit klart inntektspotensiale.

## 5. Omdømebygging

### Hovudmål

#### *Synleggjera dei positive effektane landbruket har for Lærdal kommune*

**Delmål 5A**

***Ta vare på og styrka det gode omdøme til landbruket i Lærdal***

Landbruksprodukt frå Lærdal har ord på seg for å vera av ypparste kvalitet. Kvaliteten på produkta har ein eigen marknadsføringsverdi. Lærdal kommune skal, saman med næringa, arbeide for å oppretthalde dette gode omdøme.

**Delmål 5B**

***Styrka rekrutteringa til næringa***

Lærdal kommune skal legge til rette og bidra til rekruttering til bondeyrket, med til dømes å støtte bønder økonomisk i etableringsfasen, og bidra til at unge bønder får overta gardsbruk.

**Delmål 5C**

***Styrka landbruket sin miljøprofil***

For at landbruket skal ha ein god miljøprofil, skal det leggast til rette for økologisk produksjons, hindra avrenning og ureining frå gardsbruk, ta vare på biologisk mangfald og handtera avfall frå landbruket på ein god måte for miljøet.

## 5. Prioriterte delmål med tilhørende tiltak 2014 – 2017

I kapittel 4 er det peika ut fem satsingsområde som tiltaksplanen skal omfatta. For kvart område er det definert ei hovudmålsetjing, og tilhørende delmål. Til saman skal dette synleggjera dei totale ambisjonane for den perioden planen skal gjelda.

Dei fem satsingsområda, med tilhørende delmål, utgjer samla sett store og arbeidskrevjande målsetjingar. Det er difor behov for å prioritera, og det er plukka ut eit delmål innafor kvart satsingsområde, som vert prioritert ekstra i planperioden:

<b>1. Arealbruk</b>	
<i>Hovudmål</i> <b>Sikre og ta vare på landbruksareal og verdiane i jordbruket sitt kulturlandskap</b>	
<i>Prioritert delmål (1A)</i> <b>Ta vare på areal som er godt eigna til matproduksjon</b>	
Tiltak 1	Lærdal kommune må vera varsame med inngrep og omdisponeringar i område som er viktige for matproduksjon
Tiltak 2	Stimulera til samarbeid for å få til vekstskifte
Tiltak 3	Utarbeiding av beitebruksplan/strategi

<b>2. Husdyrhald</b>	
<i>Hovudmål</i> <b>Utvikle og styrke husdyrhaldet i kommunen</b>	
<i>Prioritert delmål (2A)</i> <b>Utvikle, styrke og auke sauehaldet og storfehaldet i kommunen</b>	
Tiltak 1	Prioritere tiltak i <i>Prosjekt sau og utmark</i> .
Tiltak 2	Støtte til kjøp av mjølkekvotar

<b>3. Grøntnæringa</b>	
<i>Hovudmål</i> <b>Utvikle og styrke grønntæringa i kommunen</b>	
<i>Prioritert delmål (3A)</i> <b>Auka volum i hovudkulturar</b>	

Tiltak	Støtte utplanting og etablering av fleirårige kulturar, som t.d. bringebær og moreller (Planting til moreller vert for tida støtta av Innovasjon Norge, og kan difor prioriterast ned så lenge IN støttar dette).
--------	---

#### 4. Tilleggsnæringar

*Hovudmål*

**Utvikle og styrke landbrukstilknytte næringar**

*Prioritert delmål (4C)*

**Utvikle tilbod innan, jakt, fiske og oppleving**

Tiltak	Stimulere og støtte initiativ og tiltak som kan bidra til utvikling av berekraftige satsingar på område.
--------	--

#### 5. Omdømebygging

*Hovudmål*

**Synleggjera dei positive effektane landbruket har for Lærdal kommune**

*Prioritert delmål (5B)*

**Styrke rekruttering til næringa**

Tiltak 1	Styrke og støtta rettleiingstenesta
Tiltak 2	Skape og oppretthalde gode arena for samarbeid
Tiltak 3	Støtte i samband med eigarskifte på gardsbruk

#### 6. Handlingsplan - korleis nå måla?

For å nå målsettingane i planen, må alle aktørar i landbruket i Lærdal delta. Konkretet tiltak og prosjekt som kan realiserast i planperioden må registrerast. Lærdal kommune og Lærdal Næringsutvikling AS si rolle er å vera tilretteleggar og koordinator for å få i gang og fylgja opp prioriterte tiltak.

Verkemiddel som kan nyttast for å nå måla i planen kan vera Nærings- og konsesjonsavgiftsfondet til Lærdal kommune. Søknad om støtte frå fondet skal fremjast i tråd med gjeldande regelverk til fondet, og rettast til Lærdal Næringsutvikling AS. Det er og andre verkemiddel som kan vera aktuelle i samband med investeringar og satsingar i landbruket.

**Det er viktig at aktørane i landbruket sjølve kjem med innspel til konkrete tiltak. Aktuelle tiltak vert grunnlag for handlingsplan i planperioden.**



**Lærdal kommune**

## *Vedlegg 1*

### **Satsar – vilkår – sakshandsaming av saker som gjeld støtte til tiltak på landbrukseigedomar**

#### **Sakshandsaming:**

Søknadar skal sendast til Lærdal Næringsutvikling AS. Felles Landbrukskontor ÅLA har ei aktiv rolle i handsaming av søknadane, jmf Lærdal Næringsutvikling AS sine rutinar for sakshandsaming.

Regelverk for Nærings- og konsesjonsavgiftsfondet er lagt til grunn for alle tiltak som fondet støttar, også tiltak på landbrukseigedomar.

**Søknadsfrist for investeringstiltak på landbrukseigedomar er 1. februar og 1. oktober.**

Søknad må vera sendt til inn før tiltaket er starta opp. Aktuelle formål kjem fram i tabell under. Andre formål vert vurdert etter fondet sine reglar.

**Satsar og vilkår:**

<b><i>Tiltak</i></b>	<b><i>Tilskot</i></b>	<b><i>Vilkår</i></b>
Kjøp av mjølkekvotar	Inn til 33% av kostnad	Utbetalt tilskot skal betalast attende dersom tilskotsmottakar sel kvoten innan 5 år frå kvoten vart kjøpt.  Løyvd tilskot vert utbetalt når det ligg føre dokumentasjon på kjøpet.
Planting av bringebær <i>Kostnad med etablering av bringebærfelt er om lag kr 28.500 pr dekar</i>	Inn til 33% av kostnad Max kr 9.400 pr dekar	Areal som får tilskot skal vera i god produksjon heile avlingsperioden med mindre dei vert øydelagde av frost eller andre uhell som brukaren ikkje er herre over. For bringebær er dette 12 bæreår.  Plantematerialet skal vera statskontrollert.
Mindre investeringar på driftsbygningar der kostnad er under kr 300.000	Inn til 33% tilskot	Tiltak som mottek tilskot skal vere i tråd med offentleg krav og vilkår.
Eigedomsoverdraging	Inn til 33% tilskot til investeringar i driftsapparatet (lausøyre og driftsbygning) i samband med ny eigar på gardsbruk.  Max sum pr søkjar kr 50 000  Ordninga gjeld i inn til fem år etter overtakingsdato.	Eigedomar må oppfylle minimumskravet til odlingsjord.  Personleg bu- og driveplikt i 5 år frå overtakingsdato.

